



Kvinnherad har innført generell bandtvang på hund heile året.

**Lause hundar og manglande respekt for Hundeloven § 6, bandtvang, er ein gjengangar av ei sak på uskedalen.no. No gjeld det lause hundar på elvekanten der det for tida er stökkender med ungar, særleg i område elvosen, Djupehølen og på begge sider av elva på Leite og i Holmane. I utmarka er hjortekalvinga i gang. Det er alt kome storfe på beite, til dømes i område der ein går tur i skogsvegen på Haugland. Lov om hundehald (Hundeloven) er presis og klar på kva omsyn og plikter hundeeigar har i høve til ålmugen, andre dyr og menneske.**

Frå 1. april til 20. august er det bandtvang for alle hundar. Kommunar som Kvinnherad har generell bandtvang heile året. Nokre kommunar har friområde der hundar kan springa fritt, men ikkje i Kvinnherad. Her er det bandtvang uansett.

Det er rett nok mange unntak og særreglar nedfelt i Lov om hundehald. Det gjeld til dømes ved hundedressur, bruk av hund ved jakt og fangst. Likeins er det særreglar for Politiet og for dei som driv med ettersøkshund.

Lausa hundar kan fangast og takast vare på. Hunden skal leverast til eigar, men berre dersom personen er i stand til eller skikka til å ta vare på hunden. I nokre høve vert lause hundar levert til Politiet.

Ved direkte angrep og skade på dyr og menneske, kan hunden avlivast. Angrep og skade kan føra til store kostnader for hundeeigar. Ansvaret ligg fullt og heil på eigar.

Det er, så langt vi kjenner til, knapt eit skilt om bandtvang i Uskedalen. På Postvegen i Raudstein finn vi skiltet som er nytta til illustrasjon for dette innlegget. Dersom det hjelper, burde det vore utplassert nokre tilsvarende skilt i Uskedalen, særleg på dei mest sentrale plassane for allmenn ferdsle, på turvegane i nærområde og på merka stiar fjells.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal